

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Stig Vattekar, Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen

Sak nr.: 18/7440-2

### Eigarmelding 2018

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

#### Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap:  
Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For F1 Holding AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 47/17.

C. For Sogn og Fjordane Revisjon IKS syner fylkestinget til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018.

D. For Njøs Næringsutvikling AS vidarefører fylkestinget eigarskapen inntil vidare.

E. For Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

#### **Vedlegg:**

Eigarmelding 2018 – Fylkeskommunal eigarskap i selskap

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Habilitet**

Fylkestinget må ta stilling til om representantane er habile til å ta del i handsaminga av det enkelte selskap. I vurderinga er det mellom anna relevant om representanten er medlem av styret i selskapet. Dei representantane som vert vurdert inhabile i høve handsaminga av eit enkelt selskap, kan ikkje ta del i verken drøftinga eller avrøystinga om dette selskapet. Representantane kan likevel delta i den generelle debatten i saka, og i handsaminga av andre selskap.

Rutinen ved handsaming av eigarmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget er at det vert stemt over eigarskap for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde som er inhabile i høve eitt selskap, kan ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

## **2. Samandrag**

Fylkesrådmannen la fram første eigarmelding for fylkestinget i desember 2008. Eigarmelding 2018 er såleis den ellefte meldinga om fylkeskommunal eigarskap.

Del I av eigarmeldinga omhandlar fylkeskommunen sin generelle eigarpolitikk, mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, samfunnsansvar, etikk, rollefordeling, og habilitet. Eigarmeldinga er utarbeida i samsvar med KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Anbefalingane skildrar mellom anna kva god folkevald styring inneber. KS rår kommunestyre og fylkesting til å fastsetje overordna prinsipp for eigarskap ved å utarbeide ei årleg eigarskapsmelding for alle sine selskap. KS si oppfatning er at eigarmeldinga vil sikre eit grunnlag for naudsynte styringssignal til selskapa, og tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar. Vidare vil eigarmeldinga etter KS sitt syn bidra til meir openheit overfor omverda.

Del II av eigarmeldinga inneheld ein omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, i tillegg til ei vurdering av om fylkeskommunen bør halde fram som eigar. Vidare omfattar del II ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er opprettar/medopprettar. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret.

## **3. Fylkestinget sitt vedtak i sak 36/17 «Eigarmelding 2017»**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 36/17:

*1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert ny rutine for opplæring av eigarrepresentantar i punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap», jf. vedlegg 1.*

*2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*

*3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:*

*A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sørvest Bomvegselskap AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.*

*B. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere avvikling av F1 Holding AS.*

*C. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.*

## **4. Oppfølging av fylkestinget sitt vedtak**

### **Status for selskap der fylkestinget i 2014 vedtok å starte ein prosess for å avvikle eigarskapen**

I sak 33/14 vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle starte ein prosess med avvikling av eigarskapen i selskapa Luna Industri AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.

#### Luna Industri AS og Botnaneset Industriselskap AS

Fylkeskommunen har selt sine aksjar i desse selskapa, sjå omtale i FT-sak 36/15 «Eigarmelding 2015» og FT-sak 33/16 «Eigarmelding 2016».

#### Njøs Næringsutvikling AS

Ved etablering av selskapet i 2006/2007 la fylkeskommunen opp til å vere eigar i 5-10 år, for å sikre selskapet eit godt fagleg og økonomisk fundament. Fylkestinget vedtok difor i sak 33/14 å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen i selskapet. Fylkeskommunen har tidlegare vore i kontakt med dei andre aksjonærane i selskapet om salet. Aksjonærane var ikkje interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sin aksjepost. Fylkesrådmannen bad difor styret om hjelp til å finne aktuelle

kjøparar til aksjeposten. Styreleiar svarte at styret ville forsøke finne ny(e) eigar(ar), men at dette kunne ta tid.

Ved brev av 6. november 2017 oppmoda ny styreleiar og dagleg leiar i selskapet fylkeskommunen om å revurdere standpunktet om sal, sjå FT-sak 128/17. I brevet opplyste dei at styret i Graminor AS vurderte å samle all frukt- og bærforedling på Njøs i Leikanger kommune. Dette vil innebere ein høg risiko for Graminor, m.a. fordi det krev store investeringar i bygningar og personalressursar. Njøs Næringsutvikling AS ønskte difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle halde fram som eigar, for å signalisere at fylkeskommunen framleis stod bak selskapet. Graminor AS skulle handsame saka om samling av all frukt- og bærforedling på Njøs i møte 7. desember 2017. Styret i selskapet trengde langsiktige signal frå fleire aktørar for å vere mest mogleg trygge på å gjere eit rett vedtak. Fylkestinget handsama spørsmålet i sak 128/17, og gjorde slikt vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS inntil vidare.*
2. *Fylkestinget vurderer eigarskapen på nytt ved handsaminga av Eigarmelding 2018.*

Fylkeskommunen har etterspurt status i saka frå Njøs Næringsutvikling AS m.a. ved e-post av 22. februar 2018, og i samband med ordinær generalforsamling i 2018. Attendemeldinga var at styret er i ein utgreiingsfase, og at saka om samling av frukt- og bærforedling på Njøs ikkje er avklara. Av ein e-post 5. september 2018 går det fram at styret framleis vurderer kva som skal og kan gjerast med satsing, struktur og lokalisering av frukt- og bærforedlinga. Leiinga i selskapet er tydelege på at fylkeskommunal eigarskap i selskapet vil sende eit viktig signal i den pågåande prosessen.

Etter invitasjon frå styret skal fylkeskommunen delta på styremøte 12. september 2018. Dersom fylkeskommunen får ytterlegare informasjon frå selskapet innan fylkesutvalet si handsaming av eigarmeldinga, vil denne bli lagd fram for fylkesutvalet. Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vidarefører eigarskapen inntil den pågåande prosessen og forholdet mellom selskapet og fylkeskommunen er nærare avklart.

#### Norsk Fjordhestsenter AS

I saksframlegget til Eigarmelding 2017 skreiv fylkesrådmannen følgjande om Norsk Fjordhestsenter AS:

*Fylkeskommunen har tidlegare forsøkt å selje aksjane i selskapet utan hell. Alt ved handsaming av Eigarmelding 2008 gjorde fylkestinget vedtak om at ein «skulle vurdere å gå i forhandlingar med Eid kommune og Norsk Fjordhestslag om moglegheit for sal/avvikling av eigarskapen». Dei to andre aksjonærane var først positive til eit eventuelt kjøp av aksjane. Det går mellom anna fram av Eigarmelding 2011 at begge hadde synt interesse for å kjøpe aksjane. Fylkeskommunen fekk likevel ikkje selt aksjane, og fylkestinget vedtok i sak 46/12 «Eigarmelding 2012» å vidareføre eigarskapen inntil vidare.*

*Også etter fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14 har det vist seg vanskeleg å selje fylkeskommunen sine aksjar i selskapet. Fylkeskommunen har kontakta dei to andre aksjonærane, men ingen var interesserte i å kjøpe aksjane. I møte 23.11.16, sak 130/16, fekk fylkesutvalet ei løypemelding med forslag til vidare handlingsalternativ i prosessen. Då vedtektene ikkje opnar for å dele ut utbytte, er det vanskeleg å tenkje seg andre kjøparar enn dei to andre aksjonærane. Forbodet i vedtektene mot utbytteutdeling kan dessutan få vesentleg verknad på verdsetjinga av fylkeskommunen sin aksjepost. Fylkesutvalet var samd med fylkesrådmannen med at andre alternativ - m.a. vedtektsendring, eller moglegheita for å gje bort aksjane utan vederlag - ikkje var aktuelle.*

*Per dags dato finst det ikkje aktuelle kjøparar til aksjeposten. Eit alternativ er at fylkestinget endrar status for selskapet til «Vidareføre eigarskapen». Dersom fylkestinget ikkje endrar vedtaket frå 2014, vert statusen om at fylkeskommunen ikkje ønskjer å vidareføre eigarskapen ståande. På denne måten held fylkeskommunen moglegheita for eit ev. sal open, i tilfelle det skulle vise seg nye moglegheiter i saka, t.d. ein aktuell kjøpar.*

Fylkestinget endra ikkje vedtaket frå 2014 ved handsaming av Eigarmelding 2017. Det har ikkje vore utvikling i saka sidan fylkestinget handsama Eigarmelding 2017.

#### Firda Billag AS

Fylkesrådmannen syner til tidlegare løypemeldingar til fylkesutvalet i møte 30. september 2015, sak 97/15, og i møte 4. mai, sak 40/16. I samband med ordinær generalforsamling 2016 inviterte fylkeskommunen dei andre aksjonærane til eit eigarmøte. Temaet var moglegheita for eit eventuelt fellessal av aksjar i Firda Billag AS. Fylkeskommunen ønskte også å avklare om andre aksjonærar var interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar. Ingen av dei andre aksjonærane ønskte å kjøpe

fylkeskommunen sin aksjepost. Fleire av kommunane gav uttrykk for at dei ønskte ei verdivurdering av selskapet før dei tok stilling til spørsmålet om sal av sine aksjar i selskapet. Kommunane stadfesta dette ved brev utover hausten 2016.

Gjennomføring av konkurranse om oppdraget om verdivurderinga tok dessverre noko tid. I slutten av august 2017 leverte PwC ein rapport for indikativ verdivurdering av selskapet. Rapporten vart send til dei kommunane som ønskte ei slik verdivurdering, og fylkesrådmannen bad kommunane om attendemelding i høve spørsmålet om eit ev. fellessal. Nokre kommunar har svart at dei vil halde fram eigarskapen i selskapet. Kommunane Fjaler og Bremanger har gjort vedtak om at dei ønskjer å selje sine aksjar. Andre kommunar er framleis usikre, men vil vere med vidare i prosessen. Dei ulike attendemeldingane frå kommunane er utfordrande for den vidare prosessen, men fylkeskommunen er i dialog med kommunane, og vurderer ulike alternativ.

### **Status for F1 Holding AS**

Fylkestinget vurderte eigarskapen i F1 Holding AS i sak 47/17, og bad generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet. Alle rettar og plikter skal overførast frå selskapet til fylkeskommunen. Selskapet følgde opp fylkestingssaka med vedtak om avvikling i ekstraordinær generalforsamling 30. desember 2017. Avviklinga har blitt noko forseinka då Skatteetaten har utfordra F1 Holding AS sitt krav på skattefrådrag for juridisk bistand utført i 2016 i samband med saka om forkjøpsrett til aksjar i Fjord1 AS. Etter at skattesaka er avgjort vil F1 Holding AS ta opp att avviklingssaka.

## **5. Status for bustadstiftingane**

Fylkeskommunen er opprettar av bustadstiftingane ved dei tre sjukehusa i Sogn og Fjordane, og peikar i følgje vedtektene ut to av tre og tre av fire styremedlemer til styra. Sidan Helse Førde overtok sjukehusa i 2002 har stiftingane leigd ut bustadmassen til Helse Førde. Fylkeskommunen har difor over tid hatt eit ønskje om at retten til å velje styremedlemer skal overførast til Helse Førde, jf. fylkestinget sitt vedtak i møte 18.10.16, sak 32/16. Fylkestinget bad i denne saka styra i stiftingane om å søkje Stiftelsestilsynet om omdanning i tråd med vedtaket.

Etter førespurnad frå styret i stiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane deltok fylkesordføraren på eit møte med dei tre stiftingane 13. september 2017. Fylkesordføraren inviterte også Helse Førde og Stiftelsestilsynet til møtet. Stiftingane og Helse Førde hadde noko ulik oppfatning av kva som vil vere den beste løysinga for overføring av valretten, men møtedeltakarane vart samde om vidare framgangsmåte i saka. Dei tre styra i stiftingane skulle drøfte ulike løysingar, og vurdere om andre vedtektsendringar er naudsynte for at vedtektene skal samsvare med lova. Stiftingane gav uttrykk for at dei ville invitere Helse Førde til dialog om vedtektsendring.

Fylkeskommunen fekk eit felles brev frå bustadstiftingane ved sjukehusa i fylket den 20.8.2018. I brevet kjem dei med framlegg om omdanning av stiftingane, og ber om fylkeskommunen si fråsegn til omdanningsframlegget. Vedtektsendringa går i all hovudsak ut på å gjere endringar i valretten til styra, ved oppretting av ei valnemnd med medlemar valde av vertskommunane, Helse Førde og sitjande styre i stiftingane.

Fylkesrådmannen er gjeven fullmakt til å gje fråsegn i tråd med fylkestinget sitt vedtak frå 2016, sjå sak 32/16. Fylkesrådmannen vil gje fråsegn til framlegget i tråd med fylkestingsvedtaket i sak 32/16. Fylkeskommunen opprettheld med dette ønsket om at valretten skal overførast til Helse Førde.

Fylkeskommunen si fråsegn vil følgje som vedlegg til stiftingane sine søknadar om omdanning. Vedtektsendringar skal godkjennast av Stiftelsestilsynet, som har omdanningsmynda. I dei tilfella det er avvik mellom styret sitt forslag og fråsegna frå opprettar (fylkeskommunen), ligg avgjerda til Stiftelsestilsynet.

## **6. Særleg omtale av Sogn og Fjordane Revisjon IKS**

Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord og Kommune-revisjonen i Nordfjord har greidd ut moglegheitene for ei samanslåing, og leverte ein rapport om dette til eigarane i 2017. I møte 05.12.17, sak 45/17, gjorde fylkestinget slikt vedtak:

*1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. [...]*

Alle eigarkommunane har også handsama rapporten. Det er full semje i kommunestyra og fylkestinget om å gjennomføre samanslåinga. Selskapet vil bli etablert som eit interkommunalt

samarbeid med heimel i kommunelova § 27. Oppgåva med å legge til rette for den nye revisjonseininga skal utførast av eit interimstyre. Styret arbeider med vedtektene for det nye samarbeidet, og har som mål å få det nye samarbeidet på plass innan 01.01.2019.

I FT-sak 44/17 vedtok fylkestinget å gå inn for å halde fram med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019, med atterhald om at kostnadsnivået ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.

Fellesnemnda skal velje revisjonsordning for Vestland fylkeskommune. Saka vart lagd fram for fellesnemnda i juni 2018. Kontrollutvalet i Hordaland gav følgjande innstilling:

*Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.[...]*

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane gav slik innstilling:

*Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden. [...]*

Fellesnemnda gjorde slikt vedtak i sak 24/18:

*Saka vert utsatt til møte neste møte i fellesnemnda, som er i september 2018.*

Fylkestinget vurderte eigarskapen i Sogn og Fjordane Revisjon IKS i sak 11/18.

*1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling til fellesnemnda om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.*

*2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.*

Fellesnemnda sitt vedtak i saka om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune vil såleis vere avgjerande for Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

## **7. Med grunnlag i dei vedtekte formåla for fylkeskommunal eigarskap gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkeskommunen inntil anna eventuelt vert bestemt skal eige aksjar/delar i følgjande selskap:**

Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparcken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

## **8. Opplæring av folkevalde**

I eigarmeldinga del 1 punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap» heiter det:

*Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging, samt status for selskapa. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.*

Den første opplæringa vart gjennomført 18.april 2016. Oppfriskingsseminaret har blitt utsett fleire gonger, m.a. grunna sjukdom. Etter planen skal det gjennomførast 25. september 2018.

## **9. Endringar i eigarmeldinga**

### **Endringar i del I:**

Det er gjort mindre språklege endringar i eigarmeldinga del I. Desse er ikkje nærare omtala i saksframlegget.

Oversikta over enkeltsaker er oppdatert med relevante politiske saker sidan førre eigarmelding.

I punkt 3.5 er ei endring i rekneskapslova kort omtala. Plikta til å utarbeide årsmelding gjeld ikkje lenger for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Nokre av selskapa som fylkeskommunen eig aksjar i har difor ikkje utarbeidd årsmelding for 2017.

Fylkesrådmannen har ikkje funne grunn for å gjere andre endringar i den generelle delen av eigarmeldinga. I 2017 gjennomførte kontrollutvalet ein selskapskontroll av fylkeskommunen si overordna eigarstyring. I selskapskontrollrapporten konkluderte revisor med at fylkeskommunen gjennom eigarmeldinga har etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar. Fylkeskommunen har gode rutinar for kompetansebygging hjå dei folkevalde slik at dei kan utøve god eigarstyring og eigaroppfølging. I rapporten kjem revisor også til at fylkeskommunen har klare formål og rammer for fylkeskommunen sine eigarstrategiar for selskap. Fylkestinget tok rapporten etter gjennomført selskapskontroll til vitande.

## **Endringar i del II:**

### **Oppdatert selskapsinformasjon**

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar, aksjonæravtalar og politiske vedtak m.m.

All informasjon om aksjeselskapa er oppdatert, inkludert aksjekapital, fylkeskommunal eigardel, styresamansetjing, kven som møtte på generalforsamling/representantskapsmøte for fylkeskommunen, økonomisk utvikling og viktige hendingar.

Oversikta over interkommunale samarbeid er mellom anna oppdatert med informasjon om styre og leiing. Punkt 7.3 om samarbeid etter kommunelova § 27 er oppdatert med informasjon om ny kommunelov.

Tidlegare har Sogn PPT vore omtala under punkt 7 i eigarmeldinga om interkommunale samarbeid. Sogn PPT er eit vertskommunesamarbeid. Fylkeskommunen er ikkje deltakar, men kjøper tenester etter avtale med Sogn PPT. Fylkesrådmannen finn det difor ikkje rett å omtale Sogn PPT saman med dei andre interkommunale samarbeida. Når det gjeld Kommunearkivordninga, syner fylkesrådmannen til notat til fylkesutvalet sitt møte 26. september.

For stiftingane er mellom anna informasjon om fylkeskommunale tilskot oppdatert for 2017 og 2018. Det er òg gjort nokre språklege endringar i innleiinga til dette kapittelet, men ingen som endrar innhaldet. For Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Stiftinga REKOMP er viktige hendingar siste året særskild omtala.

### **Endringar i eigarporteføljen**

Selskapsverksemda er oppdatert med informasjon om to nye aksjeselskap som fylkeskommunen eig aksjar i; Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS og Skyttel AS.

Fylkeskommunen selde sine aksjar i Interoperabilitetstjenester AS ved årsskiftet 2017/2018, jf. FU-sak 103/17. Bakgrunnen for salet var at staten sine oppgåver knytt til reiseplanlegging og elektronisk billettering skal samordnast i eit selskap heileigd av Samferdselsdepartementet, sjå m.a. Prop. 119 S (2014 - 2015), Prop. 1 S (2016 - 2017) og Prop. 107 L (2016 - 2017). Selskapet skal levere tenester som gjer det enkelt å planlegge, samanlikne og kjøpe reiser på tvers av alle kollektivtransportselskap i Noreg, på både buss, tog, ferje, t-bane og trikk. Selskapet har m.a. fått i oppdrag å etablere ein nasjonal reiseplanlegger som omfattar alle kollektivmidlar. Det var difor ønskjeleg at det nye selskapet Entur AS overtok fylkeskommunane sine aksjar i Interoperabilitetstjenester AS. Det var ikkje nemneverdig aktivitet i selskapet mellom førre eigarmelding og aksjesalet, og selskapet er difor ikkje omtala i Eigarmelding 2018.

### **Vurdering av eigarskapen**

I tråd med vedtekne retningslinjer er det gjort ei oppdatert vurdering av eigarskapen i kvart enkelt selskap etter kriteria for eigarskap.

## **10. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I, og omtalane og vurderingane av selskapa og stiftingane i del II.